



Høgskolen i Hedmark
Fellesadministrasjonen


Saksbehandler: Finn Ragnvald Huseby
E-post: finn.huseby@fa.hihm.no

Vår dato: 14.07.2006
Vår ref.: 2006/886

Telefon: 62 43 00 06

Deres dato: 18.04.2006
Deres ref.: 2006/03495

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO



**HØYRINGSSVAR - UTKAST TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT 5. DESEMBER 1980
NR. 4938 OM MÅLBRUK I OFFENTLEG TENESTE**


Vi viser til Kultur- og kyrkjedepartementet sitt høyringsbrev om utkast til endringar i forskrift om målbruk i offentlig teneste, dagsett 18.04. 2006.

Høgskolen i Hedmark er samd i at det må fastsetjast meir forpliktande krav, dersom det skal lukkast å oppfylle målbrukslova. Med bakgrunn i dette har høgskolen forståing for forslaga om å forskriftsfeste at sentrale statlege institusjonar skal ha instruks med rutinar for målbruk. Vi har og forståing for forslaget om at institusjonen må ha rutinar for registrering av målbruk, som sikrar fortløpande oversikt på området, og som gjer det enkelt å syte for rapportering.

Samstundes må vi peike på den stadig aukande rapporteringsplikta som på område etter område vert lagt på statlege institusjonar, og vi strekar under at det er viktig at slik rapportering ikkje vert for arbeidskrevjande. Vi vil og gjere merksam på at dei regionale høgskolane kan komme i ei vanskeleg mellomstilling i høve til regelverket: Sjølv om desse institusjonane i nokon grad kan seiast å ha heile landet som nedslagsfelt, er dei særlig retta mot regionen dei ligg i, og naturleg innretta mot den målforma som gjeld i regionen.

Med venleg helsing


Simon W. Bringeland
Fung. adm. direktør


Finn Ragnvald Huseby
personal- og organisasjonsdirektør